

Samarbeidsavtale mellom

Fedje Landhandleri AS

og

Fedje kommune

1. Partar i avtalen

Dette er ein samarbeidsavtale om turistinformasjon m.m. mellom Fedje Landhandleri AS (heretter landhandleriet) og Fedje kommune (heretter kommunen).

2. Formål

Avtalen skal sikre at tilreisande til Fedje kommune får tilgang på relevant informasjon om tilbod og severdigheter i kommunen. I tillegg til dette skal landhandleriet bidra til at informasjonen som vert gjeve er mest mogleg oppdatert. Informasjonen skal vere tilgjengeleg i opningstida til anten ved oppmøte, telefon og mail. Utanom opningstidene skal informasjonen vere tilgjengeleg på telefon og mail.

3. Innhenting av informasjon

Før kvar sesong forpliktar landhandleriet å innhente mest mogleg informasjon om tilbod og severdigheter i kommunen. Døme på slik informasjon er:

- Opningstider på butikk og landhandleriet
- Opningstider på serverings- og skjenkestader
- Overnattingsstader i kommunen
- Aktuelle turløyper og severdigheter
- Sykkeltutleige, båtutleige og liknande

Denne informasjonen skal gjevast til kommunen slik at kommunen kan ajourføre og produsere oppdatert turistbrosjyre. Normalt skal denne informasjonen innhentast før påske kvart år.

4. Opningstider og turistinformasjon

Partane legg til grunn at turistsesongen er påsken og frå skuleslutt til skulestart kvart år. Landhandleriet forpliktar seg i heile turistsesongen å ha fylgjande opningstider:

- Alle dagar frå kl. 12.00 – 18.00

Landhandleriet forpliktar seg i opningstidene til å gi både munnleg og skriftleg turistinformasjon. Utlån av nøkkel til basseng på Fedje vert administrert av landhandleriet etter nærare avtale med kommunen.

I tillegg til dette forpliktar landhandleriet seg til å vere tilgjengeleg både på telefon og mail for å svare og gi relevant turistinformasjon både i og utanom opningstidene. Partane er einige om at det ikkje vert sett noko eksakt krav til responstid, men at alle oppringingane og mailar skal svarast innan rimeleg tid.

5. Betaling

Landhandleriet sender faktura på kr 30.000,- + mva kvart år. Betalingsfrist for kommunen er seinast 8. april.

6. Tvistar

Dersom det oppstår tvist om tolking eller gjennomføring av denne avtalen, skal dette løysast gjennom drøftingar eller reforhandlingar mellom partane.

7. Avtaleperiode

Denne avtalen gjeld frå signering og til han vert sagt opp av ein av partane med seks månaders varsel. Avtalen skal reviderast dersom forhold som inneber påverking av partane sitt ansvar, plikter eller rettar inntreff. Avtalen vil uansett falle bort etter to år rekna frå dato for underskrift. Dersom partane ynskjer ein samarbeidsavtale også frå sesongen 2024, må dette avtalast på nytt i ny skriftleg avtale.

8. Signering

Denne avtalen er skriven i to eksemplar. Partane oppbevarer kvart sitt eksemplar.

Fedje 26.04.2022



Olav Mongstad

Kommunedirektør

Fedje kommune

Fedje 26.04.2022



Reidar Bøen

Fedje Landhandleri AS

Styreleiar